

## Kort om konfirmasjon

- Alle kan delta i konfirmasjonstida
- Opplegget går over 10 månader
- Høgdepunktet er konfirmasjonsdagen
- Påmelding skjer det året ein går i åttande klasse
- Dei fleste blir konfirmerte det året dei går i niande klasse
- Det finst mange grunnar til å velje konfirmasjon i kyrkja, blant dei er tradisjon, vere ein del av eit fellesskap, engasjere deg for andre, utforske tru og meininga med livet og reise på leir
- Det blir ikkje stilt krav til kva du meiner eller kva du trur på
- Du får reflektere og tenkje kritisk
- Du får reflektere rundt kristen tru og aktuelle tema som f.eks , klima, rettferd, vennskap, seksualitet, kropp og identitet.
- Meir om konfirmasjon i kyrkja finn du på [kyrkja.no/konfirmasjon](http://kyrkja.no/konfirmasjon) eller ved å skanne QR-koden

Kontakt oss gjerne:

Kyrkjekontor: 57828180

[post.jolster@sunnfjordkyrkja.no](mailto:post.jolster@sunnfjordkyrkja.no)

## Helsing oss i kyrkja i Jølster



*Denne brosjyren vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2010, og direkte til trosopplæringsabonnentar med born fødde i 2010. QR-koden fører til [kyrkja.no/konfirmasjon](http://kyrkja.no/konfirmasjon).*

No er  
det din  
tur

KONF  
IRM  
AN  
20 ✝ 25



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Jølster: Ålhus og Helgheim sokn



## Velkommen til konfirmasjon!

No er det berre eitt år til konfirmasjonsdagen din i Jølster. Det blir ein festdag, og du har mykje å glede deg til.

### Kva kan eg glede meg til?

Du kan glede deg til å bli ein del av eit fellesskap der vi gjer kjekke aktivitarar i lag. Du får engasjere deg for andre og du kan få å lære meir om deg sjølv, om den kristne tru og den verda du er ein del av.

Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan sjå fram til! Her blir alle som er konfirmantar feira i kyrkja. I gudstenesta ber vi ei bøn om at Gud velsignar deg, og om at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet.

Tidlegare konfirmantar fortel at høgdepunkt frå året som konfirmant er leir og konfirmasjonsdagen.

### Korleis ser opplegget ut?

Konfirmasjonsåret startar med intro dagar veka før skulen startar på hausten: Ons 14. - laur 17. aug. Desse dagane må du setje av.

I løpet av året blir det bl.a konfirmantklubb ca 1 gong i mnd, gudstenester, deltaking i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, konfirmantfestival for alle konfirmantane i Sunnfjord, leir og påskeplask. Konfirmantsamlingane er felles for alle konfirmantane i Jølster (både Skei og Vassenden). Vi kjem også til å vere noko i lag med konfirmantane i Naustdal. Meir info om program og datoar kjem på [kyrkja.no/jolster](http://kyrkja.no/jolster).



## Kven kan bli konfirmert?

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja– både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. For å bli konfirmert på sjølve konfirmasjonstiden, må du vere døypt. Om du ikkje er døypt frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt. Fint om de gir beskjed om dette ved påmelding.

## Kostnad og foreldremøte

Det er eigenbetaling på kr 1500 for konfirmasjonstida. Den dekkar blant anna mat ved samlingar, festival og leir. Det går an å søkje kyrkja om å få dekkja heile eller deler av eigenbetalinga.

Mandag 17. juni blir det foreldremøte på Vassenden kyrkesenter kl 20.00 med info om konfirmantåret. Viktig at minst ein føresatt frå kvar konfirmant møter.

Vi legg også opp til korte oppstartsamtaler med prest og kvar enkelt konfirmant med føresatt før konfirmantåret begynner.

## Påmelding på <https://minkirkeside.no/sunnfjord> innan 10. juni

Fyll ut skjema for innskriving under fana konfirmant.

Konfirmasjonstid datoar for 2025 : 4.mai (Helgheim), 11 mai (Vassenden) og 29. mai (Ålhus)